

**Edda:** Den viktigaste kjelda til nordisk mytologi har fått ny språkdrakt.

# Orden i kosmos

**E**dda-dikta kjem alltid til å høyre til grunnvullen for nordisk litteratur og kultur. Dei er den eldste tilgjengelege nordiske diktinga vi kjenner – søskenbarnet skaldedikt er svært krevjande – og dei er den viktigaste kjelda til nordisk mytologi.

Derfor er det viktig at edda-dikta er tilgjengelege for dagens lesarar. For bokmål har vi frå 1970-talet hatt Ludvig Holm-Olsens framifrå versjon, men for nynorsk har vi i mange tiår sakna ein tidhøveleg versjon. Ivar Mortensson-Egnund si attdikting frå 1905-08 var eit storverk i si tid, men er forelda for lenge sidan, både språkleg og når det gjeld tolkingar – og er meir lyrisk enn originalen, som ofte har eit endeframt, kvardagsleg språk. Dessutan er ikkje alle dikta med i Holm-Olsen si utgåve. Derfor er det svært gledeleg at Knut Ødegård no er i gang med ei ny attdikting til nynorsk.

**Edda-dikta høyrer** til ei stavrima (allittererande) dikting som var fellesgermansk, men heldt seg lengst her i Norden. Vi deler dei inn i gudedikt, med mytologisk innhald, og helteidikt om ei seghistorisk fortid, til dels med ekko frå folkevandrings-tida på kontinentet. Edda-dikta er anonyme og levde i munnleg tradisjon og mange av dei stammar frå vikingtida. Dei fleste av dei vi kjenner (det var fleire) er overleverte berre gjennom den islandske skinnboka Codex Regius frå ikring 1270, og nokre få er overleverte i andre islandske handskrifter. Men mellom anna runepinnar frå Bryggen i Bergen med edda-strofer i norsk dialektform viser at edda-diktinga ikkje var sær-islandsk, men truleg både kjend og dikta over heile Norden (jamvel om dei fleste av dei overleverte edda-dikta kan vera dikta på Island).

Første bandet i attdiktinga til Ødegård inneheld dei to dikta som står fremst i Codex Regius, og som har hatt størst gjennomslagskraft i moderne tid. Det er Voluspå (skal uttalast «vå-») og Hávamål. Voluspå – «volvespådomen» – er den viktigaste kjelda til nordisk mytologi, og fortel historia om kosmos slik ei volve – ei spåkone – ser ho i ein visjon: Gudane løftar jorda or havet, ordnar kosmos, opplever ein gullalder som tek slutt når tre kraftfulle trollkvinner kjem til dei, og så ber det utfor bakke til Ragnarok, før ei ny og betre verd stig opp or havet.

**Hávamål tyder** 'Den høges tale', og Den høge er eitt av Odin sine mange namn. Diktet ser ut til å vera sett



**EI GNAGANDE KJENSLE:** Urd, Verðandi og Skuld ved brønnen Urdarbrunnr, medan Nídhöggur gneg på treet Yggdrasil under dei. Biletet er frå Karl Gjellerups «Den ældre Eddas Gudesange».

ILLUSTRASJON: LORENS FRÖLICH 1895/WIKICOMMONS

## POESI

**Edda-dikt bind 1: Voluspå og Hávamål**  
Attdikta av Knut Ødegård  
Cappelen Damm 2013, 230 sider



saman av avsnitt her og der ifrå, berre bundne saman av at strofene er lagde i munnen på Odin. Den mest kjende bolken er levereglane, som legg vekt på dygder som venskap, truskap og måtehald. Andre bolkar formidlar mytologi, trolldomsmedisin eller anna kulturhistorie.

**Boka opnar med** eit føreord av Vigdís Finnbogadóttir, tidlegare president på Island. Så følgjer dikta, med den norrøne originalteksten på venstre oppslaget, og attdiktinga til høgre. Baki kjem så eit etterord som forklarar bakgrunnen for arbeidet, tekstgrunnlaget for attdiktinga, versemål og kva forsking Ødegård har stødd seg på. Der står òg samandrag av dikta og ei lyninnføring i mytologien. Til slutt kjem merknader til attdiktinga strofe for strofe.

Arbeidet Ødegård har gjeve seg i kast med er ikkje enkelt, men eg tykkjer han alt i alt er komen godt frå det. Attdiktinga har for det meste presis

attgjeving av meininga, med kvardagsleg, lettskjøneleg språk, og fin nynorsk. Strofene er jamt over formfaste, med rytme og allitterasjon som sit. Vellukka er til dømes Voluspå 51 og Hávamål 23 og 58: «Førstemann/ på føter lyt han/ som røva vil folk eller fe./ Sjeldan liggjande ulv/ får lammelår,/ sovande mann sjeldan siger.» Den norrøne parallellteksten kan lesarar av alle slag ha moro av, og forskarar som ikkje er filologar kan bli minte på at det er originalen som er teksten.

I ein del tilfelle gjer Ødegård teksten klårare utan å kommentere det (til dømes i slutten av Voluspå 32), og det er rett; alt kan ikkje kommenterast. Ødegård klarer å presentere bakgrunnsstoff og merknader som forklarar det meste utan å ese ut. At han har valt å behalde variasjonsnamna på gudane (til dømes Lin for Frigg i Voluspå 52) tynger teksten, men er nok likevel rett valt.

**Nokre ting dreg** likevel inntrykket ned. Litt for ofte manglar opplysning om andre tolkingar som er like rimelege. Korleis trollkvinnene i Voluspå endar gullalderen veit vi ikkje, men i etterordet til Ødegård er éi mulegheit presentert som fakta. Språkleg keiveleg er til dømes «Moldormen», som får Midgardsormen til å høyrast ut som ein meitemakk i Voluspå 58; «nádaude kroppar» (bokstavleg 'likdaude kroppar') i Hávamål 38;

«vindomblåse tre» i Hávamål 138, og syntaksen i ein del halvstrofer (til dømes i Voluspå 21 og slutten av Hávamål 54).

**Det er litt for mange** skrivefeil i både originaltekst og attdikting, og det er nokre omsetjingsfeil – til dømes *sinni mána* 'månens følgesven (nemleg sola)' omsett med «om månen» i Voluspå 5, og *fjöld* 'mengd' omsett med 'fjell' i Hávamål 18. Å skrive nektingsføre-festet som ó- i staden for ú- er

uheldig i ei norsk utgåve, ikkje minst når det står ú- i ordboka folk kan finne på å slå opp i. Stundom fungerer ikkje stavrimet utan at ein legg trykket på kunstig stad – som i *ein sjölv døyrr og* i Hávamål 76, der *ein* naturleg er trykklett. Stundom vantar rim heilt – som i sluttlinja på strofa før den – og så er det mengdevis med papirrim, av typen *gjer godt og hold og hjarta*. På grunn av dette og at Ødegård jamt over vrid seg unna med eit minimum av rimstavar, trur eg fleire av dei mest kjende strofene kjem til å leva lenge i Mortensson-Egnund si utforming.

**Eldar Heide**

bokmagasinet@klassekampen.no

KVINNELIGE  
PIONERER  
+ NYE STEMMER

15. JUNI - 8. SEPT

VELKOMMEN TIL UTSTILLINGSÅPNING

LØRDAG 15. JUNI KL 14:00.

Utstillingen åpnes av direktør Svein Olav Hoff.

Kunstnerne Hege Nyborg og Lotte Konow Lund lesar utvalgte sitater fra KUNSTANMELDELSER 1912 – 1941.



LILLEHAMMER KUNSTMUSEUM

Stortorget 2 • 2602 Lillehammer • Tlf: 61 05 44 60  
www.lillehammerartmuseum.com  
Åpningstider: Tir-søn kl 11-16 • Omvisning: Lør-søn kl 14